Avtale mellom Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Askvoll kommune, Naustdal kommune og Nordic Mining (Nordic Rutile)

1. Formål

Avtalen er oppretta for bidra til utvikling av nærings- og kulturliv i Naustdal og Askvoll kommune.

Avtalen skal, i tillegg til utvikling av næringsliv, fremje høgare utdanning og kompetansebygging for ungdom frå kommunane, og bidra til utvikling av kunst- og kulturmiljøa i kommunane.

2. Mål

Partane har som målsetting at det i Naustdal og Askvoll, eller i regionen, skal realiserast verksemder for vidareforedling av mineralet i Engebø, til f.eks. titanproduksjon basert på ny energi- og miljøteknologi og/eller anna komponentproduksjon av metallet/mineralet. Ein vil søkje at lokalt råstoff fra mineralproduksjon skal kunne nyttast dersom det vert etablert produksjonsfasilitet for vidareforedling i Naustdal, Askvoll eller i regionen.

Partane skal søkje å auke kommersiell utnytting av mineralressursen i Engebø gjennom produktutvikling, sal og bearbeiding av rest og biprodukt frå mineraluttaket. Dette vil bidra til å redusere storleik på deponerte massar.

Partane har som målsetting å etablere et industri- og mineralinkubatorselskap som skal være eit verktøy for nyskaping og innovasjon i Naustdal og Askvoll innan områda som er dekt av denne avtala.

Partane vil søkje at etablering av inkubatorselskapet og inkubatorselskapet sine målsettingar, skal innarbeidast i driftskonsesjon som Direktoratet for Mineralforvaltning gjev.

3. Oppretting av driftsselskap

Nordic Mining ASA vil registrere selskapet Nordic Rutile AS i Naustdal i samband med oppstart av mineraluttak i kommunen.

Selskapet skal ha ansvar for utvikling og drift av mineralutvinning frå Engebø

Selskapet sin dagleg leiing med operative funksjonar vert lagt til kommunen. Selskapet skal ha eit teknologiske og kommersielt miljø i kommunen.

Nordic Rutile har høve til å tre inn i denne avtale med dei rettar og plikter som fylgjer av avtalen. Nordic Rutile AS eller Nordic Mining ASA skal være moderbedrift for industri- og mineralinkubatorselskapet.

4. Etablering av Mineral- og industriinkubator

Partane er samde om å opprette industri- og mineralinkubator i Naustdal som skal ha rolla som koordinator og støttespelar for realisering av målsetting etter denne avtale. Hovuddelen av midlane skal gå til næringsformål.

Inkubatorselskapet skal etablerast som et aksjeselskap.
Selskapet sakshandsamar og fylgjer opp prosjekt etter denne avtale.

Det skal opprettast eigne vedtekter for forvaltning av midlar til kulturformål i Naustdal og Askvoll.

Partane i denne avtalen skal ha styrerepresentasjon i inkubatorselskapet.

Nordic Mining AS og/eller Nordic Rutile AS skal ikkje ha noen innskottsplikt eller andre plikter overfor dette selskapet utover det som følgjer av nærværande avtale.

5. Ressursar

Partane har som målsetting å stille til rådvelde 60 mill. kr. i løpet av 10 år for gjennomføring av denne avtale.

Nordic Mining bidreg med 30 mill. kr. fordelt over 10 år med like store årlege bidrag. Første avdrag forfell til betaling 6 månader etter etablering av ordinær, kommersiell drift av rutil-utvinning i Engebø. De årlige beløpa forfell til betaling på dato 1 år etter føregåande betaling.
Sogn og Fjordane Fylkeskommune har som målsetting å bidra på prosjektbasis med 15 mill. kr. i løpet av ein 3 års periode etter oppstart av mineralutvinning i Naustdal.
Partane har som målsetting å arbeide for å realisere minst 15 mill. kr. i andre statlege- og regionale utviklingsmidlar.

Nordic Mining ønsker og bidra med midler til kultur- og næringsaktiviteter i Askvoll og Naustdal også etter de første 10 årene.
Sogn og Fjordane fylkeskommune har som målsetting å bidra på nytt etter 10 år. Naustdal og Askvoll kommuner vil søke å realisere ytterligere andre utviklingsmidler frå stat og region.

På bakgrunn av erfaringene frå de første 10 årene, skal partene i felleskap etablere budsjetter og mål for det videre utviklingsarbeidet.

Avtalen er ikkje avgrensande for partane sine engasjement for investeringar i selskap eller prosjekter for å kommersialisere rest- og biprodukt av steinmassane eller andre verdiskapande aktivitetar.

Nordic Mining sitt bidrag og andre pliktingar etter denne avtale fell vekk ved dersom produksjon av rutil i Naustdal opphøyrer.

6. Atterhald

Avtalen byggjer på at inkubatorselskapet etter etablering lagar ein utviklings og framdriftsplan for konkretisering av avtalen som skal godkjennast av styret for selskapet.
Utviklingsplanen skal stadfeste betalingsplan for ressursar som vert stilt til rådvelde, forretningsplan for aktivitetane, målsettingar og angi styringsfunksjonar for realisering av måla.

Avtalen byggjer på politisk godkjenning i Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Naustdal kommune, Askvoll kommune samt at styret i Nordic Mining skal stadfeste avtalen.

Ved tvist om forståinga av denne avtale, skal tvisten løysast gjennom forhandlinger mellom partane. Dersom semje ikke vert oppnådd, skal tvisten løysast av et tvisteløsningsorgan bestående av 3 personer, hvorav hver av partene oppnevner en person hver til å avgjøre tvisten. Tvisten blir avgjort ved flertallsvedtak.

Nordic Mining ASA
(Nordic Rutile AS)

Naustdal kommune

Sogn og Fjordane Fylkeskommunne

Askvoll kommune